

Sande i færøysk tonedrakt

Hanus G. Johansen vert omtalt som ei levande legende på Færøyane. No har han laga plate med Jakob Sande-tekstar på nynorsk.

Ottar Fyllingsnes

ottar@dagogtid.no

Hanus G. Johansen er ein kjend vise- og folkemusikar på Færøyane. Han har gjeve ut eit par eigne plater tidlegare og medverka på fleire andre. Nyleg kom *frå leddiken*, og det er ei samling der Hanus G. Johansen har tonesett 15 Jakob Sande-tekstar.

Ungdomslagsstemne

Denne veka treffer eg den færøyske visemakaren på telefonen i Dale i Sunnfjord, heimbygda til Jakob Sande. I haust har han delteke på minnekonsertane for Jakob Sande i Sunnfjord og Oslo, og han er ikkje redd for å slå fast at Sande er ein fantastisk diktar. Det er meir enn ti år sidan færøyingen oppdaga sunnfjordingen.

– Tidlegare arbeidde eg mykje med den færøyske dikteren Poul F. Joensen, men så gjorde ein færøyning meg merksam på at det fanst ein norsk diktar som likna mykje på Joensen. Dermed byrja eg å lesa Jakob Sande og vart straks interessert.

I 1995 inviterte Noregs Ungdomslag Johansen til Noreg for å opptre på landsmøtet i Dale i Sunnfjord.

– Det første norske speleoppdraget hadde eg i heimbygda til Jakob Sande. Eg vart buande hjå ein av dei som starta Jakob Sande-selskapet, og der fekk eg vita det meste om Sande. Då eg reiste heim, hadde eg med diktsamlingane hans, og så byrja eg å setja melodiar til dikta. I 1998 vart eg invitert til Jakob Sande-dagane for å halda Sande-konsert.

Toppmusikarar

På plata har Johansen prioritert alvorlege tekstar framfor dei gjøgglarske, men det vart

ikkje plass til alle Johansens melodiar. Han har mange fleire på lager. På plata får han svært god hjelp frå musikarar i det klassiske ensemblet Aldubáran.

– Det fleste av musikarane er færøyske, men fleire av dei spelar i utlandet. Pianisten Stamen Stanchev er frå Bulgaria, men har budd på Færøyane i fleire år. Klarinettisten Daniel Rye er engelsk og spelar ved operaen i Wales, fortel Johansen.

God mottaking

Sande-plata har nett kome ut på Færøyane og har fått særskild god mottaking. På Færøyane bur det 48.000 menneske, og Johansen fortel at det vanlege salstalet for platene hans er kring 4000.

Kanskje vert det litt mindre no, sidan plata er på norsk. Førebels har ikkje Johansen hatt konsertar med berre Sande-tekstar på Færøyane, men det skjer truleg no når han vender heim att.

– Folk på Færøyane skjønar både norsk og andre skandinaviske språk. I ein så liten nasjon vert ein nøydd til det.

– Du har valt å syngja Sande-tekstane på nynorsk?

– Vanlegvis syng eg på færøysk, men denne gongen har eg sett melodiar til norske dikt. Det er vanskeleg å setja om dikta, og eg har ikkje hatt lyst til å gjera det.

Kombinertløpar

Denne hausten har Hanus G. Johansen arbeidd berre med song og musikk, men det er ikkje lett å få balanse i rekneskapen for ein visesongar på Færøyane.

– Difor har eg arbeidd med alt mellom himmel og jord tidlegare. Eg har vore både fiskar og drosjesjåfør; eg har arbeidd med utviklingshemma og eg har hatt arbeid på Riksarkivet, fortel Hanus G. Johansen – som vender nasen vestover i desse dagar – etter ein forvitneleg Jakob Sande-haust i Noreg.